

Notat

Dato: 20.05.2016
Arkivsak: 2015/5147-6
Saksbehandlar: bjomidt

Masfjordbrua – orientering om forprosjekt og ferjeavløysing**Bakgrunn**

Fylkesutvalet i Hordaland handsama 29.01.2016, PS 17/16, «Masfjordbrua – opplegg for val av bruløysing» og gjekk inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklara bruteknologi/ brutype og kostnadsberekning for Masfjordsambandet. I møtet sette Terje Søviknes (Frp) fram slikt oversendingsframlegg til fylkesrådmannen på vegner av H, Frp og Sp:

"Fylkesutvalet presiserer at det er ferjeavløysingsmidlane i inntektssystemet som må leggjast til grunn for delfinansiering av Masfjordbrua, og ikkje reknestykket i sakutgreiinga basert på Hordaland fylkeskommune sine reelle kostnader til dagens ferjedrift med fråtrekk for auka drifts- og vedlikehaldskostnader med ny bru. Ferjeavløysingsmidlane til sambandet vert 19 mill. kr (kriteriedata for tal ferjesamband) minus effekten av endra drifts- og vedlikehaldsbehov i utgiftsutjamninga, ref. omtale av ferjeavløysingsordninga for fylkesvegar i Kommuneøkonomiproposisjonen 2016. Dette nettobeløpet, dvs. det beløpet fylkeskommunen netto taper i inntektssystemet som følgje av bygging av brua, får fylkeskommunen behalda i 40 år gjennom eit særskilt tilskot (Tabell C tilskot)."

Om forprosjekt for utarbeiding av brualternativ for kryssing av Masfjorden.

Statens vegvesen viser til planprogrammet frå februar 2015 der det er tatt inn tre brualternativer. Alle brualternativa er i tilnærma same korridor.

1. Hengebru, hovudspenn omlag 740 meter
2. Flytebru uten siglingsløp, lengde omlag 750 meter
3. Flytebru med siglingsløp midtfjords (skipssluse) lengde omlag 750 meter

Desse tre alternativ skal Statens vegvesen arbeida vidare med i eit teknisk forprosjekt. For alternativ 2 skal det inkluderast eit siglingsløp med vippebru langs land eller i Duesundet.



Vegdirektoratet vil utarbeida eit teknisk forprosjekt på hengebru basert på det prosjektet som vart utarbeida i 2012. Flytebrualternativa skal ut på ein begrensa konkurranse der 3-4 firma blir inviterte til å gje tilbod inkludert ei beskriving av korleis dei vil løysa oppgåva. På basis av pris og evaluering av konseptbeskrivinga vil to leverandørar bli inviterte til å bearbeida konseptane sine vidare til tekniske forprosjekt.

Dei tekniske forprosjekta vert ikkje avslutta før dei har vore til teknisk godkjenning i Vegdirektoratet. Vegdirektoratet skal i gjennomgangen sin vurdere om brukonseptet kan la seg gjennomføra. Dei teknisk forprosjekta skal vera ført så langt at det ligg føre teikningar og berekningar samt mengdeoppsett, slik at Vegdirektoratet kan gjennomføra godkjenninga si samt at ei kostnadsgruppe kan berekna kostandene ved anslag for dei tre alternativane. Alle alternativane skal vera bearbeida til eit likeverdig nivå slik at dei reelt sett kan samanliknast.

På bakgrunn av dette vil Statens vegvesen koma med ei tilråding til Hordaland fylkeskommune og Masfjorden kommune om val av brutype, som kan takast inn i Masfjorden kommune sin reguleringsplan for fjordkryssing. Statens vegvesen legg opp til at dei tekniske forprosjekta skal ligga føre i løpet av 2016.

Om ferjeavløysingsordninga

Regjeringa har i samband med framlegginga av kommuneøkonomiproposisjonen for 2017 lagt fram nye retningslinjer for alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesveggar¹.

Samferdselsdepartementet avgjer kva prosjekt som skal omfattast av ordninga, på bakgrunn av tilråding frå Statens vegvesen. Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastset storleiken på ferjeavløysingsmidlane og fylkeskommunane har ansvaret for sjølv å fremja saker som er aktuelle.

Ferjeavløysingsmidlane blir berekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst av ei bru eller ein tunnel. Tapet blir berekna ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Det berekna beløpet blir justert for endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i utgiftsutjamninga. Det berekna beløpet ligg fast i inntil 40 år, men fylkeskommunen skal i sum ikkje få meir i kompensasjon enn kostnaden ved prosjektet som erstattar det nedlagde ferjesambandet. Beløpet til ferjeavløysingsmidlar blir prisjustert med den kommunale deflatoren frå året vedtaket blei gjort og fram til ferja er avløyst og midlane blir utbetalt. Beløpet blir vidare prisjustert med den kommunale deflatoren i heile perioden det blir utbetalt.

For Masfjordbrua kan ein rekna med at 19 millionar vert trekt ut av fylkeskommunen sitt rammetilskott og lagt over i den statlege ordninga for alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesveggar. Dette beløpet vert prisjustert i 40 år, slik at ein kan rekna med eit finansieringsbeløp på $19 \cdot 40 = 760$ mill.kr. Men frå dette beløpet må ein trekka ut beløpet for endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i

¹ Retningslinjer: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-alternativ-bruk-av-ferjetilskot-for-fylkesvegferjer/id2500238/>

utgiftsutjamninga. Statens vegvesen har rekna drift og vedlikehaldskostnadane til å vera omlag 4,2 mill.kr. per år. Når dette beløpet vert lagt inn i KS sin modell for drift og vedlikehaldsbehov i utgiftsutjamninga vert dette 3,3 mill.kr. Over 40 år utgjer dette 132 mill.kr.

Masfjordbrua		
Brutto statleg ferjeavløysingstilskott	760	(19X40)
- endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i utgiftsutjamninga	132	(3,3*40)
= Ferjeavløysingstilskott	628	

Ferjeavløysingstilskottet er her rekna ut til 628 mill. kr. I tillegg kjem eventuelt bompengar og andre finansieringskjelder for å finansiera brusambandet. Det faktiske beløpet til ferjeavløysing blir fastsett av kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med den endeleg behandlinga av ein eventuell søknad

Kostnaden for å drifta ferjesambandet Duesund – Masfjordnes er i 2016 budsjettet på 7,7 mill. kr. Om ein reknar med at sambandet kjem til å kosta om lag 10 mill.kr per år, er kostnaden 9 mill.kr. mindre enn det fylkeskommunen får tilført per ferjesamband i inntektssystemet. Desse 9 mill. kr. vert nytta til finansiering av anna fylkeskommunal verksemd². Over 40 år utgjer dette 360 mill.kr.

² I 2016 er det i rammeoverføringa lagt til grunn 19 mill.kr. per samband og 16 samband, dvs. 304 mill.kr. I budsjettet for 2016 er det sett av 327,6 mill.kr. til ferjedrift. dvs. noko meir enn kva som er lagt til grunn i rammeoverføringa.